

ÅRSMELDING ÅKRA SOKNERÅD 2021

Medlemer i soknerådet har vore: Oddrun Berge (leiar og medlem i fellesrådet), Åse Farestveit (nestleiar), Magnhild Eide Furdal (skivar), Ruth Soveig Årthun Bergane, Erik Johan Furdal (1.vara og vara i fellesrådet. Sidan Ruth Soveig studerar i Bergen, har Erik Johan vore fast medlem i soknerådet), Anne Lise Vågen (2. vara), Carsten Mrusek (prest).

Soknerådet hadde 4 møte og 38 saker vart handsama. Møta vart haldne i bedehuset i første halvdel av året pga betre plass med hensyn til smittevern. På hausten vart møta haldne i sakrastiet i kyrkja.

2021 var og prega av pandemien. Gudstenestene i januar, mars og april vart avlyste. Resten av året gjekk dei som planlagt, men med restriksjonar med hensyn til smittevernreglar. Det var såleis 9 gudstenester med til saman 176 til stades. 2 gudstenester var med nattverd med 18 nattverdgjester. To av gudstenestene var fameligudstenester. Gudstenesta julafta var med påmelding med maks 50 tilstades. Det kom 40- omlag halvparten av kva det har vore vanlege år.

Eit barn vart døypt, ingen ungdomar vart konfirmerte. Nyttårsafta vart eit brurepar vigde. I 2021 var det tre gravferder.

Trusopplæring: Ved fameligudstenesta på hausten var borna spesielt innviterte. Det var utdeling av bøker. Det var og ei ettermiddagsamling i kyrkja for born i aldersgruppa 0- 8 år. Det var godt oppmøte. Det seier oss at trusopplæringsarbeidet blir sett pris på. Før jul var det julevandring i kyrkja for barnehagen og skulen.

Helgemessesøndag var det gudsteneste med minnedel, der pårørande til dei som hadde gått bort siste året var inviterte. Dette var nytt i Åkra.

Det var planlagt julekonsert i desember med Cantus Firmus. Denne vart avlyst pga sjukdom.


Pga ferre gudstenester vart det også mindre som vart gitt i takkoffer, men noko meir enn i 2020. Totalt vart det gitt 9982,25 kr. 2019,25 av dette vart gitt via vipps. 3399,25 gjekk til kyrkjelydsarbeidet. Fasteaksjonen gjekk digitalt og vart ikkje registrert i soknerådet sitt regnskap.

Spesielle saker soknerådet har handsama. Her kan nemnast ny litturgi. Soknerådet gjekk inn for å ha den same litturgien, som dei andre kyrkjene i Kvinnherad. Det vart halde soknemøte om dette. Frå november fekk Åkra Sokn sokneprest saman med Fjelberg/Eid sokn. Carsen Mrusek vart tilsett i stillinga. Han var sokneprest i Uskedal, Ænes og Åkra sokn frå 2020. Det vart såleis ikkje ny sokneprest i Åkra. Konfirmantjubileumet var vanskeleg å planleggja pga pandemien. Det vart difor utsett til situajonen endrar seg.

Også 2021 fekk alle eldre på 80+ blomehelsing til jul. Inger Johanne Vågen, som har hatt reinhaldet i kyrkja i mange år, slutta i stillinga si. Agata Charkiewicz har reinhaldet i kyrkja no.

Soknerådet vil takka alle tilsette for arbeidet dei gjer for kyrkja i Åkra.

Åkra 10.01.2022


Oddrun Berge
soknerådsleiar